



Det er grunn til å minna om søknadsfrist for aspirantar til skulemusikken og andre kulturskuleelevar.

15.april er søknadsfrist for dei som ønskjer å søkje som elevar i kulturskulen frå komande haust. Dette gjeld og dei som ønskjer å byrja som aspirantar i skulemusikken. Dei er nemlegog elevar i kulturskulen. Ein søkjer på nettet ved å gå inn på www.kulturskulen.kvinnherad.no.

Eit poeng som kan vera verd å nemne, er at det truleg er samanheng mellom søknadsmassen og kva tilbod som vert lokalisert til bygda. Di fleire som søkjer, di betre breidde vert det i tilbodet som vert lagt til Uskedalen.

Skulemusikken har tidlegare hatt infosamling for komande aspirantar, men ein treng sjølvsagt ikkje ha vore på den samlinga for å søkje som aspirant. Korpset ønskjer så mange aspirantar som mogeleg!!

Så her er det berre å søkje. Det kan resultere i ein hobby ein har stor glede av resten av livet.

Av Thor Inge Døssland